

Kurs 1

Målretta miljøarbeid/miljøbehandling i teneste til personer med utviklingshemning.

Hovudfokus er gode tilnærmingstrategiar og ulike tiltak for å førebyggje og/eller endre åtferd.

Aktuelle tema:

Tilnærmingstrategiar:

- observasjonar, ros og merksemd
- motivasjonsfaktorar, positive triggere og forsterkningar
- beskjeder, grensesetting og ignorering.

Strukturering av kvardagen ved hjelp av ulike metodar, dags- og vekeplanar, kommunikasjonstavler og belønningssystem.

Førebygging og ulike tilnærmingar i arbeidet med bruk av tvang og makt.

Førebygging og handtering av aggresjon og vold.

Kurs 2

Aldring og aldersrelaterte utfordringar hjå personar med utviklingshemning.

- *Kartlegging, observasjonar og tilrettelegging.* Hovudfokus på miljøterapeutiske tiltak.
- Kva er normale aldringsprosesser hos menneske med utviklingshemming.
- Gode kartleggingsverktøy for å fange opp endringar, bl.anna demensutvikling.
- Førebuing og tilrettelegging for eit godt liv i alderdommen. Overgang frå arbeid/dagtilbod til pensjonisttilvære.
- Tap av sosial nettverk og sorgprosesser.
- Når skal ein utføre forandringar i forhold til tilbod og bustad – flytte til alders/sjukeheim?

Kurs 3

Kvardagsutfordringar for personar med autismespekterforstyrrelser (ASD).

- *Grunnleggande forståing av tilstanden. Kommunikasjon, alternativ og supplerande kommunikasjon og miljøbehandling.*
- Korleis møter vi vaksne menneske med ASD i deira kvardag – forskjell mellom behandling, læring og samhandling.
- Ulikheter i tilstanden. Korleis utvikle og tilpasse individuelle tiltak.
- Presentasjon av metodar og tilnærmingar i arbeid mellom kommunale tenester og pårørande.

Kurs 4

Kropp, Identitet og Seksualitet

- *Kurspakke til hjelp for å snakke om, og rettleie personar med utviklingshemning om dette temaet.*
- Kurset har som mål å gi innsikt og bevisstgjere helsepersonell til å skape eit seksualvennlig miljø. Eit seksualvennlig miljø synleggjer at det er greitt å snakke om sex, seksualitet og seksuelle problem. Personar med utviklingshemming er sårbare og kan lett kome i uheldige situasjonar relatert til seksualitet. Openheit rundt dette temaet vil også kunne førebyggje eller avdekke overgrep.
- Presentasjon av ulike kartleggings- og opplæringsprogram.

Kurs 5

Kommunale Helse-og omsorgstenestelova Kap.9.

- *Avklaring av kva som er tvang og makt, og fokus på førebygging og alternative tilnærmingar i møte med menneske med utviklingshemming.*

Det er utarbeida eit rundskriv «*Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning*».

Denne har som hovudmål å gi rettleiing om regelverket til saksbehandlere og tenesteytere som jobbar med menneske med utviklingshemming. Å utvikle metodar som gjer det mogeleg å ivareta rettsstryggleiken, og at bruk av tvang blir overflødig er sjølv sagt målet i arbeidet med den enkelte brukar.

Kurset tar utgangspunkt i dette rundskrivet, som også belyser faglige og etiske dilemma som fagpersonar blir stilt overfor når det er snakk om å gripe inn i eit menneske sitt liv.